
Fra: postmottak SD
Sendt: 27.05.2015
Til: Felles Post Forsand
Kopi:
Emne: Spørsmål om privat fergedrift over Høgsfjorden, Forsand kommune

Forsand kommune
4110 FORSAND

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/1295

27.05.2015

Spørsmål om privat ferjedrift over Høgsfjorden, Forsand kommune

Vi syner til e-posten dykkar til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), datert 9. april 2015. KMD har sendt e-posten til Samferdselsdepartementet for svar frå rette fagdepartement.

I e-posten spør de om fylkeskommunen, Stortinget eller anna styresmakt kan nekte privat ferjedrift over Høgsfjorden etter at Ryfast er opna.

Ved behandlinga av Prop. 109 S (2011-2012) slutta Stortinget seg til delvis bompengefinansiering av rv 13 Ryfast, som er eit ferjeavløysingsprosjekt. Finansieringsopplegget for Ryfast er basert på ein stor del bompengar. Rogaland fylkeskommune og Stavanger kommune har til saman garantert for eit bompengelån på maksimalt 6 mrd. kr, fordelt med 70 pst. på fylkeskommunen og 30 pst. på Stavanger kommune. I finansieringsopplegget er det føresett at både ferjesambandet Lauvvik - Oanes og ferjesambandet Stavanger - Tau blir lagt ned når Ryfast blir opna for trafikk. I trafikk- og finansieringsanalysane er det lagt til grunn at trafikken i dei to ferjesambanda blir overført til Ryfast. Føresetnadene er såleis klare på at det ikkje vil vere aktuelt med eit offentleg ferjealternativ.

Departementet ser det slik at hovudspørsmålet her er om den vedtatte bompengepakka for Ryfast, stortingsvedtaket og generelle bompengeprensipp fører med seg at Rogaland fylkeskommune som løyvestyresmakt er bunde til å nekte å gi løyve etter yrkestransportlova viss det kjem ein søknad om ferjerute over Høgsfjorden. Korkje staten eller fylkeskommunen kan etablere slike samband ved tilskott etter at Ryfast er opna, men det er ikkje heimel for å nekte privat ferjedrift over Høgsfjorden. Vi viser også til EU si maritime kabotasjeforordning (inntatt i EØS-avtalen) som fastset prinsippet om friheit til å yte sjøtransporttenester.

Eit viktig spørsmål som i tilfelle må avklarast nærare er bruk av ferjekai. Det er den som søker om løyve som også må sørgje for adgang til å bruke aktuelle kaier. Viss det er aktuelt å bruke dei same kaier som blir nytta i dei sambanda som skal leggjast ned, må ein sjå nærare på bompengevedtaket. Inneber vedtaket at sambanda blir lagt ned, men veganlegga inklusiv kaier blir oppretthaldne (til dømes av omsyn til beredskap), er det mogleg at prinsippet om fri bruk av offentleg veg inklusiv ferjekai gjeld.

I e-posten spør de også om ei kommunesamanslåing mellom Forsand kommune og Sandnes kommune kan gjere ei privat ferje over Høgsfjorden mogleg. Samferdselsdepartementet kan ikkje sjå at det er nokon samanheng mellom ei kommunesamanslåing og adgang til privat ferjedrift.

Spørsmål om kommunesamanslåing er det Kommunal- og moderniseringsdepartementet som må svare på. KMD er kopimottakar av dette brevet.

Med helsing

Ola Brattgard (e.f.)
avdelingsdirektør

Trine Hagen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vegdirektoratet